

## Basar og konsert som generalprøve til Hordablæsten.

18.02.2019



Det er alltid mykje folk på den kjekke basaren/konserten.

I fjor samarbeidde Uskedal skulemusikk og Rosendal skulekorps om deltaking i korpskonkurransen Hordablæsten. Det var ein suksess både musikalsk og sosialt. Denne sesongen har derfor dei to korpsa hatt eit tettare samarbeid, og 24.mars er dei igjen på plass i på scenen i Grieghallen. Før det kan bygdefolk og andre få høyre programmet dei skal spele når det vert arrangert basar med konsert den 10.mars.



Det blir ekstra kjekt å høyra korpsset rett før Hordablæsten.

Som dei siste åra vert basaren/konserten arrangert i Aktivitetshuset. Det har vore ei særdeles koseleg

ettermiddagstund med ein haug med flotte gevinstar, mykje spenning og ikkje minst flott musikk. Arrangementet er også avslutning på eit helgeseminar der korpset har finpusa programmet dei skal konkurrera med i Bergen to veker seinare. Dermed er dei nærme den absolutte toppform!

Monica Hermann i skulemusikkstyret fortel at dei er godt i gang med planlegginga av basaren, og dei reknar med at dei også i år kan lokka med eit svært flott og rikhaldig gevinstbord. Mange har eit særst positivt forhold til skulemusikken, og kvart år er det bygdefolk som ønskjer å bidra med gevinstar til basaren. Monica Hermann seier at styret og muskarane er svært takksame om nokon har gevinstar som dei ønskjer å bidra med. Då er det berre å ta kontakt med Monica på mobil 906 35 493.

Uskedalen.no kjem til å koma med meir info om arrangementet når det nærmar seg, men alt no er det lurt å kryssa av denne datoen på kalendaren. Dette er absolutt eitt av dei familiearrangementa som vi har i bygda vår, som det er verd å få med seg. Det er alltid så koseleg!!



Litt av kakene vi vart frista med i fjor.

Tekst, arkivfoto og nett: Thor Inge Døssland